



ÅRSRAPPORT

2024 – 2025



Mobbeombodet
Elev- og lærlingombodet
Møre og Romsdal



Samandrag

Årsrapporten til Mobbeombodet og Elev- og lærlingombodet i Møre og Romsdal gir innsikt i korleis barn og unge opplever opplæringa og læringsmiljøet i barnehage, skole og lærebedrift, og er forankra i lovverk og verdiane i opplæringssystemet.

Rapporten løftar fram fleire sentrale tema:

- **Fellesskapet** som grunnlag for tryggleik, inkludering og utvikling
- **Stempling og ekskludering** av barn som utøver vald eller strevar sosialt
- **Klasserommet som arena for mobbing**, og korleis dette kan skje utan at vaksne fangar det opp
- **Foreldresamarbeid**, og korleis retorikk og system kan hindre reell medverknad
- **Utfordringar i læretida**, og behovet for betre oppfølging av lærlingar
- **Lærekandidatordninga**, og behovet for meir systematisk støtte

Omboda kjem med klare anbefalingar til kommunar, fylkeskommunen og private barnehage- og skoleeigarar:

- Sikre tilstrekkelege ressursar og kompetanse for å møte mangfaldet av barn og unge
- Løft fellesskapet som både verdi og praksis
- Styrk arbeidet med mobbing og psykososialt miljø
- Etabler rettleiingstenester for lærebedrifter og lærekandidatar
- Legg til rette for reell medverknad frå barn, elevar og føresette
- Møt barn og unge med respekt og anerkjening – og unngå stempling og stigmatisering

Rapporten viser at fellesskapet er nøkkelen til å løyse mange av dei utfordringane barn og unge står i. Det krev både medvitne val i kvardagen og strukturelle grep på systemnivå.

Samandraget er KI-generert og godkjent av omboda.

Innholdsliste

Samandrag	2
Innholdsliste	3
1. Frå omboda	4
2. Anbefalingar	5
Generell anbefaling til alle som les rapporten	5
Barnehage og skole	5
Opplæring i bedrift	6
3. Om ombodsordningane	7
4. Førespurnadar	9
Mobbeombodet	9
Elev- og lærlingombodet	12
5. Ombodsblikket	13
Felleskapet – noko vi trur vi har, men ikkje alltid bygg?	14
«Problembarn», «valdsutøvar» og «bråkmakar» – skal vi ekskludere eller inkludere?	17
Klasserommet som arena for mobbing – korleis er det mogleg?	21
Foreldra må skjerpe seg – eller?	23
Når det oppstår utfordringar i læretida	27
Lærekandidatordninga	28
6. Førebyggande arbeid	29
7. Arbeid på samfunnsnivå	33
Svarar på høyringar	33
Deltak i samfunnsdebatten	34

1. Frå omboda

Mobbeombodet og Elev- og lærlingombodet er talspersonar for barn og unge sine rettar og interesser i barnehage, skole og opplæring i bedrift. Årsrapporten vår bygger på førespurnadar og innsikt frå praksisfeltet barnehage- og skoleåret 2024–2025. Elev- og lærlingombodet var ikkje operativ i perioden april til august 2025. Det har påverka omfanget av arbeide, men ikkje temaa vi løftar fram i rapporten.

Temaa er valde med bakgrunn i det vi ser i møt med barn, unge, føresette og tilsette – men også i lys av ordskiftet i media og i samfunnsdebatten. Når ordskiftet blir polariserande og prega av enkle løysingar på kompliserte utfordringar, påverkar det praksisfeltet negativt – både for profesjonelle og føresette, og ikkje minst for barna og ungdomane det gjeld. Sårbare grupper blir meir utsette, og det krev meir av dei vaksne rundt.

Vi er glade for at barnehage og skole engasjerer både politikarar og samfunnet elles. Det viser at oppvekstvilkåra til barn og unge blir tatt på alvor. Vi ønskjer debatten velkommen – men det er avgjerande at han blir ført med brei og opplyst problemforståing. Enkle løysingar finst sjeldan. Skal vi lukkast med å skape trygge og inkluderande miljø for heile mangfaldet av barn og unge, må vi forstå kompleksiteten og sjå heilskapen.

I årets rapport løftar vi fram seks tema som vi meiner er særleg viktige:

- Fellesskapet – tar vi det for gitt?
- «Problembarn», «valdsutøvar» og «bråkmakar» – skal vi ekskludere eller inkludere?
- Klasserommet som arena for mobbing – korleis er det mogleg?
- Foreldre må skjerpe seg – eller?
- Når det oppstår utfordringar i læretida
- Lærekandidatordninga

Vi håper rapporten kan bidra til refleksjon, utvikling og gode samtaler – og til at barn og unge blir møtt med forståing, respekt og reell medverknad.

God lesing!

Molde, 09.11.2025,

Mobbeombod i Møre og Romsdal



Foto: TINGH

2. Anbefalingar

Omboda sine anbefalingar er forankra i omboda sitt arbeid gjennom året. Anbefalingane er retta til kommunane, fylkeskommunen og private barnehage- og skoleeigarar i Møre og Romsdal.

Generell anbefaling til alle som les rapporten

Ver bevisste rollemodellar for barn og unge. Møt dei med respekt og anerkjenning og vis omtanke i måten de snakkar om og forstår dei på. Unngå språk og haldningar som stemplar eller stigmatiserer – det bidreg ikkje til løysing, men kan forsterke utanforskap og mistrivsel.

Barnehage og skole

Sørg for tilstrekkelege ressursar

- Sikre økonomiske rammer, bemanning og tverrfagleg støtte som gjer det mogleg å romme heile mangfaldet av barn og unge
- Prioriter tiltak som fremjar fellesskap i budsjettering og planlegging

Løft fellesskapet som verdi og praksis

- Integrer fellesskap som tydeleg del av barnehage- og skoleutviklinga
- Sørg for at tilsette har kompetanse i korleis dei kan byggje samhald og fellesskap, samt faglege, sosiale og emosjonelle ferdigheiter gjennom leik, aktivitetar og undervisning
- Sørg for at barn, elevar og føresette blir involverte, og legg til rette for reell medverknad i arbeidet med å styrke fellesskapa i barnehage og skole

Styrk arbeidet med mobbing og psykososialt miljø

- Sørg for at tilsette i barnehage og skole har god kunnskap om sosiale gruppedynamikkar, slik at dei kan identifisere og forstå uheldige mønster i barne- og elevgruppa. Dette gir grunnlag for å sette inn målretta og førebyggjande tiltak på eit tidleg tidspunkt
- Kommunen og fylkeskommunen bør ha kompetente og dedikerte ressurs- og ansvarspersonar som kan støtte og bistå barnehagar og skular i komplekse og krevjande saker om psykososialt miljø

Styrk barnet og elevar si stemme og rett til medverknad

- Sørg for at tilsette har kompetanse i korleis dei kan leggje til rette for reell medverknad, slik at barn og unge får uttale seg i saker som vedkjem dei

Opplæring i bedrift

Betre rettleiing for lærebedrifter og lærekandidatar

- Opprett eit rettleiingsteam som kan gi støtte og rettleiing til lærebedrifter og samarbeidsorgan som opplever utfordringar i læretida til ein lærling, slik at det raskt kan settast inn eigna tiltak
- Opprett eit rettleiingsteam eller ein rådgjevar med ansvar for å følgje opp alle lærekandidatar, for å sikre at dei får opplæring av god kvalitet og nødvendig støtte gjennom heile læreløpet



3. Om ombodsordningane

Omboda si rolle

Omboda følgjer barn og unge gjennom heile oppveksten – frå barnehage og fram til dei er ferdige med vidaregåande opplæring. Dette gjer det mogleg å følgje barn og unge på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, og det gir verdifull innsikt i korleis dei ulike systema fungerer. Vi får òg god innsikt i korleis overgangane mellom dei ulike nivåa i oppvekstløpet blir handterte – overgangar der barn og unge ofte er særleg sårbare.

Omboda har ei rettleiande og rådgivande rolle og utfører arbeidet med fagleg uavhengigheit frå både administrativ og politisk leiing. Det inneber at omboda skal seie ifrå når barn og unge sine rettar blir brotne, men utan å vere ein klageinstans eller part i saka. Målet er å styrke rettstryggleiken og bidra til at barn og unge blir høyrde og tatt på alvor. Omboda skal vere eit tillegg til dei tenestene barn, unge og deira føresette har i barnehagen, på skolen og i lærebedrifta. Omboda rapporterer til fylkestinget.

Historikk og endringar

Ordninga med mobbeombod vart etablert som ei midlertidig ordning hausten 2018, og blei gjort permanent i Møre og Romsdal i april 2020. Elev- og lærlingombodet har vore ei fast ordning i fylket sidan 2005.


Tove Regine Stranden Hammerø avslutta si stilling som elev- og lærlingombod 1. april 2025. Synne Strøm Astad vart tilsett som nytt ombod av fylkestinget, og ho starta i stillinga 1. august 2025. Tenesta var ikkje operativ i perioden april til august.

Organisering

Per 1. november 2025 er begge ombodsordningane organisatorisk plasserte i Stab for juridiske og administrative tenester i Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er under arbeid ein ny struktur som skal avklare både organisatorisk tilhøyrse og personalleiaransvar for omboda.

Mandat

Mobbeombodet sitt mandat er utforma med bakgrunn i eit nasjonalt mandat for alle fylkeskommunale mobbeombod i Noreg. Mandatet for elev- og lærlingombodet er vedtatt av fylkestinget desember 2020. Mandat for ombodsarbeidet, tidlegare årsrapportar og anna informasjon om ombodsordningane finn de på mrfylke.no/omboda



Figur 1: Fire hovudområde i omboda sitt arbeid

Tannhjul 1: Støtte og rettleiing til barn, unge og føresette er det største tannhjulet og det omboda brukar mest tid på. Her ligg alle førespurnadane som handlar om behov for støtte og rettleiing til enkeltpersonar.

Tannhjul 2: Her ligg innsatsen for å førebygge utanforskap, krenkingar og mobbing. I vidaregåande opplæring omfattar dette òg styrking av elevdemokratiet og rettane til elevar og lærlingar. Døme på slik innsats er skolebesøk, foreldremøte, personalmøte, elevråds- og lærlingesamlingar, temakveldar og liknande.

Tannhjul 3: Omboda kan bistå faginstansar – som barnehagar, skolar, PP-tenester, ressursteam og andre – med drøfting og rettleiing i utfordringar som ligg innanfor omboda sitt kompetanseområde.

Tannhjul 4: Omboda nyttar erfaringane frå arbeidet i fylket til å utvikle og dele kunnskap og informasjon både lokalt og nasjonalt.



Synne Strøm Astad. Foto: TINGH

4. Førespurnadar

Gjennom skoleåret 2024–2025 tok totalt 138 personar kontakt med omboda for støtte, råd og rettleiing i barnehage, skole eller opplæring i bedrift. Nedgangen i talet på førespurnadar samanlikna med tidlegare år skuldast at elev- og lærlingombod-tenesta ikkje var operativ frå april til august 2025.

Mange av førespurnadene til omboda er komplekse og krev oppfølging over tid. For å gi råd og rettleiing som faktisk gagnar barn og unge og som kan føre til endring, rettleiar vi barnehagar og skular i metodar for undersøking og analyse. Dette er avgjerande for å forstå kva som ligg bak utfordringane, og for å finne tiltak som kan snu situasjonen og gjenopprette tryggleik.

Mobbeombodet

Omfang

Oversikta under viser talet på førespurnadar til mobbeombodet, fordelt på trinn og kjønn barnehage- og skoleåret 2024–2025. Talet på førespurnadar har vore stabilt rundt +/- 100 dei tre siste åra.

Førespurnadar totalt:	92			
• Barnehage:	4	50% jenter	50% gutar	
• 1.-4. trinn:	17	33% jenter	67% gutar	
• 5.-7. trinn:	29	37% jenter	59% gutar	4% kjønn ukjent
• 8.-10. trinn:	34	50% jenter	50% gutar	
• Vgs:	3	33% jenter	67% gutar	
• Ukjent trinn:	5	20% jenter	20% gutar	60% kjønn ukjent

Kven tok kontakt

Fordelinga av førespurnader til tenesta er tilnærma lik tidlegare år: Om lag 70 % kjem frå føresette, 27 % frå tilsette og leiarar i barnehage og skole, og 3 % frå andre hjelpetenester rundt barn og unge – til dømes PPT, helsesjukepleiarar og ressursteam.

Føresette utgjer den klart største brukargruppa, noko som samsvarar med erfaringane frå mobbeombod i andre fylke.

Ombodsblikket på førespurnadane

Barnehage

Mobbeombodet fekk få førespurnadar frå barnehagesektoren dette barnehageåret – berre fire saker. Dette gir truleg ikkje eit representativt bilete av situasjonen i fylket.

Sakene handlar om barn som ikkje blir inkludert i barnegruppa, og om negative samspelsmønster der enkelte barn fell utanfor. Vi får også meldingar om barn som blir utsette for fysiske og verbale krenkingar frå andre barn, og om barn som strevar med sosialt samspel og har ein veremåte som kan gå ut over andre. Desse problemstillingane er utdjupa i kapittelet «*Problembarn*», «*valdsutøvar*» og «*bråkmakar*» – skal vi ekskludere eller inkludere?

Mobbeombodet prioriterer førebyggjande arbeid i barnehagesektoren. Barnehagen har ei unik og viktig rolle i førebygging av mobbing og utanforskap, og kan sette inn tiltak og hjelpe barn på eit tidleg tidspunkt i deira liv. I dialog med barnehageeigarar får vi inntrykk av at fleire no følgjer med på talet på aktivitetsplanar, slik vi tilrådde i førre årsrapport. Samtidig melder tilsette at det framleis er krevjande å vurdere når aktivitetsplikta er utløyst, jf. barnehagelova § 42.



Foto: Stockbilder

Grunnskole

Mobbeombodet har gjennom året fått mange førespurnadar frå føresette som skildrar alvorlege og langvarige utfordringar med skolemiljøet. Sakene gjeld elevar på alle trinn, og handlar ofte om utrygge miljø, utestenging, mobbing og krenkingar og fysisk vald. I om lag 10 % av sakene har barna utvikla skolefråvær som følgje av mobbing og manglande tryggleik. Denne problematikken er også omtalt i årsrapportane for [2021–2022](#) og [2023–2024](#).

På småtrinnet dreier mange saker seg om elevar som blir fysisk og verbalt krenkt av medelevar – til dømes gjennom slag, dytting, kallenamn – utan at skolen klarer å stanse det. På mellom- og ungdomstrinnet handlar det ofte om utestenging og frå vennegruppa og klassefellesskapet, med ytterlegare forsterking gjennom sosiale medium.

Føresette som tar kontakt gir ofte uttrykk for at dei ikkje blir tatt på alvor når dei melder frå om eit utrygt miljø, eller undervegs i prosessen. Mange opplever også at skolen ikkje følger opp bestemte tiltak godt nok, og nokre meiner skolen si handtering forsterkar problema.

I mange av dei langvarige sakene ser vi at elevstemma ikkje kjem fram. Dette gjeld særleg eldre elevar som opplever at det ikkje nyttar å seie frå fordi ingenting skjer. Det gjeld også elevar med stort skolefråvær, som ofte har mista tillit til systemet og fell utanfor dialogen. Når elevstemma ikkje kjem fram, blir det vanskeleg å forstå kva eleven faktisk treng, og skolen risikerer å sette inn tiltak som ikkje verkar.

Sakene vi får viser at mobbing og utrygt skolemiljø er systematiske utfordringar med alvorlege konsekvensar for barn og unge si helse og rett til utdanning.

Mobbeombodet ser at skoler og barnehagar ønsker fagleg støtte og ein samtalepartnar og ressursperson i vanskelege saker. Mange leiarar gir uttrykk for at dei står åleine og peikar på mangel på kompetanse og ressursar. Sakene er tidkrevjande og må gå føre alle andre oppgåver.

Elev- og lærlingombodet

Omfang

Oversikta under viser talet på førespurnadar til elev- og lærlingombodet hausten 2024 og fram til 1. april 2025.

Førespurnadar totalt: 46

- Vidaregåande opplæring i skole: 22
- Vidaregåande opplæring i bedrift: 24

Kven tok kontakt

Både elevar, lærlingar og føresette tok kontakt med ombodet gjennom året. Ungdomane ønskjer ofte informasjon om rettar og moglegheiter, og mange ber om råd og støtte til korleis dei kan ta saka si vidare. Nokon ønsker også at ombodet blir med i saka vidare.

Føresette tar gjerne kontakt når dei er uroa for læringsmiljøet, eller når dei opplever at skolen eller lærebedrifta ikkje tar ansvaret sitt for å sikre ei trygg og inkluderande opplæring.




Foto: Einar Engdal

5. Ombodsblikket

Ombodsblikket er omboda sitt perspektiv på barn og unge si opplæring og læringsmiljø. Det er forankra i førespurnadane vi får og erfaringane vi gjer oss i møte med barn, unge, føresette og tilsette i systema rundt dei. Det er også forankra i lovverk og verdier og prinsipp for barnehage og grunnsopplæringa.

I år vil vi spesielt rette ombodsblikket mot desse temaa:

- Fellesskapet – tar vi det for gitt?
- «Problembarn», «valdsutøvar» og «bråkmakar» – skal vi ekskludere eller inkludere?
- Klasserommet som arena for mobbing – korleis er det mogleg?
- Foreldre må skjerpe seg – eller?
- Når det oppstår utfordringar i læretida
- Lærekandidatordninga



Fellesskapet – noko vi trur vi har, men ikkje alltid bygg?

Fellesskapet er ein grunnstein i barnehage og skole. Det er her barn og unge lærer å vere menneske saman med andre – å samarbeid, vise omsorg, meistre konflikhtar og kjenne seg verdifulle. Men trygge fellesskap kjem ikkje av seg sjølv. Det må byggast, haldast ved like og beskyttast kvar dag, i kvar relasjon og i kvar gruppe.

Fellesskapet under press

Vi lever i ei tid der fellesskapet er under press. Samfunnet vektlegg i aukande grad individet sine rettar og behov, og det pregar også barnehage og skole. Alle barn og unge har rett til eit trygt og godt miljø, og til å få den tilrettelegginga dei treng for å leike, lære og utvikle seg ut frå føresetnadane sine. Men – desse rettane skal oppfyllest innanfor rammene av eit fellesskap. Barn og unge er ikkje berre enkeltindivid, dei er også ein del av eit sosialt fellesskap som må fungere for at rettane deira skal bli oppfylt. For å lukkast med dette, må vi forstå at individet sine behov ikkje kan sjåast isolert – dei må møtast i samspel med fellesskapet sine behov og rammer.

Vi ser at stram økonomi gjer det krevjande for barnehagar og skolar å møte behova til *alle* barn og unge. Når rammene blir for tronge, blir det utfordrande å sikre både individuell tilrettelegging og eit inkluderande fellesskap. Samtidig ser vi at sentrale verdiar som lenge har vore sjølvsgde, som solidaritet, ytringsfridom, menneskeverd og nestekjærleik¹, ikkje lenger er like sjølvsgde. Dette påverkar både haldningar og praksis i og rundt barnehage og skole.

Mangfald som ressurs eller utfordring

Vi får ofte høyre at barne- og elevgruppa i dagens barnehage og skole er meir mangfaldig og samansett enn for berre få år sidan. Dette omfattar både språkleg og kulturelt mangfald, ulike funksjonsnivå, nevrodiversitet og variasjonar i livserfaringar, verdiar og behov. Mangfaldet berikar miljøet og gir moglegheiter for læring, perspektiv og fellesskap – men det utfordrar også den tradisjonelle tankegangen om at fellesskap oppstår naturleg «berre vi er saman».

Når vi tek fellesskapet for gitt, risikerer vi å svikte dei barna og elevane som ikkje finn sin plass – dei som kanskje opplever barnehagen eller skolen som ein stad der dei står

¹ Verdigrunnlaget i barnehage og grunnskole, jf. barnehagelova og opplæringslova

utanfor. Å møte mangfaldet krev medvitne val, inkluderande praksisar og ein kultur som toler og verdset ulikskap.

Ombodsblikket – kva ser vi?

Gjennom arbeidet vårt ser vi at mange av dei alvorlege utfordringane i barnehage og skole – som mobbing, vald, utanforskap og krevjande foreldresamarbeid – har fellesskapet som fellesnemnar. Når barn og unge ikkje får dekt behova sine for tryggleik, tilhøyrse og meistring, blir åtferda ofte eit uttrykk for smerte og kamp for å høyre til. Når vi tek fellesskapet for gitt og ikkje investerer nok i det, risikerer vi at nokon fell utanfor. Når fellesskapet sviktar, står barn, unge og vaksne ofte åleine.

Difor må fellesskapet løftast fram – ikkje berre som ein verdi, men som ein praksis. Det krev medvitne val i aktivitetar, undervisning, relasjonsarbeid og samarbeid – både mellom tilsette og føresette, og føresette imellom. Det krev strukturar og møteplassar som gir rom for dialog og medverknad, og ein kultur som toler ulikskap.

Omboda set fokus på fellesskapet si betydning for barn og unge, og korleis vi kan bidra til å styrke det i møtet med barn, elevar, tilsette og føresette i barnehage, skole og lærebedrifter. Det handlar om å få med alle – ikkje berre nokre. Mykje kan gjerast utan store ressursar, berre vi løfter blikket frå individ til fellesskap.

Samtidig krev mykje også større ressursar – som økonomiske rammer, kompetanse og kapasitet til å romme heile mangfaldet av barn og unge. Det er i fellesskapet barn og unge lærer å vere menneske – og det er i fellesskapet vi finn nøkkelen til å løyse mange av dei utfordringane vi står i.



Foto: Stockbilder

Fellesskapande undervisning

Kristin Øksenvåg og Kjersti Nervold har laga ein film og skrive masteroppgåve om korleis lærarar i praksis kan bygge trygge fellesskap for elevane gjennom undervisninga. Filmen er laga i samarbeid med Livet&Sånn i Ålesund kommune.



Foto: Vedrana Terzic

På konferansen *Fellesskapet som problem og løysing* i Ålesund 21.10.25, delte Kristin Øksenvåg og Kjersti Nervold tips og idear til korleis lærarar kan planleggje og gjennomføre fellesskapsbyggjande undervisning.



[Film](#)



[Masteroppgåve](#)

«Problembarn», «valdsutøvar» og «bråkmakar» – skal vi ekskludere eller inkludere?

Undersøkingar² viser at vald og tuslar i skolen mot tilsette og medelevar er eit aukande problem. Det må vi ta på største alvor. Samtidig er samfunnsdebatten og norsk skolepolitikk ofte prega av sterke ord og raske konklusjonar. Barn som utøvar vald blir omtala med stemplande og stigmatiserande ord – og møtt med krav om disiplin, makt og flytting ut av fellesskapet. Men har vi gløymt å spørje: *Kven er desse barna – og kva er handlingane deira eit uttrykk for?*

Kven er dei?

Ei fersk undersøking³ viser at valdshendingar i skolen skjer mest blant dei **yngste** elevane (1.-4.trinn). Eit fåtal elevar står for dei fleste hendingane, og mange får individuelt tilrettelagt opplæring utanfor det ordinære klasserommet. Dei har ofte utfordringar med regulering, veremåte og ulike diagnoser. Omfanget av vald og truslar i skolen blir mindre jo eldre elevane blir. I vidaregåande rapporterer 32% av skoleleiarar om valdshendingar siste året mot 80% i grunnskolen. Forsking gir lite innsikt i barnehagen, men i møte med tilsette og leiarar i barnehage får vi signal om at utagering og språkbruk har blitt meir utfordrande.

Ombodsblikket – kva ser vi?

Førespurnadane til omboda som omhandlar vald og truslar kjem fyrst og fremst frå barneskolen og omhandlar gutar. Vår erfaring er at det bak valdeleg handlingar, ofte ligg ei historie om barn og unge som ikkje får dekkja dei grunnleggande behova sine. Vi ser barn som strevar og som over lang tid ikkje har opplevd nok tryggleik, tilhøyrsløse og meistring i kvardagen. Dei manglar stabile og positive relasjonar og eit miljø som fremjar trivsel og inkludering. Når slike behov ikkje blir møtt, blir åtferda ofte eit uttrykk for smerte, fortviling og kamp for å høyre til – ikkje for vond vilje.

Behovet for å høyre til: Vi får høyre om barn og unge som lenge har kjent på utanforskap – nokre heilt sidan barnehagen. Dei blir tidleg stempla som «problembarn» og fell utanfor både sosialt og fagleg – i barnehagen, på skolen og i fritida. Dei blir møtt med krav om å

² [Respons analyse 2024: Vold og trusler mot lærere og leder i grunnskole og videregående skole](#)

³ [NIFU 2025: Når skolen blir utrygg for de voksne. En studie av vold og trusler mot skolen](#)



[Forskning frå SINTEF](#) viser at norske gutar på 4.–7. trinn har svakare relasjonar til både lærarar og medelevar enn jenter. Dei opplever skolen som mindre rettferdig, føler seg mindre sett og forstått, noko som går ut over trivsel og skoleoppleving.

[Andre studiar](#) peiker på at manglande tilhøyrsløse og tryggleik kan vere ein utløyssande faktor for vald og aggresjon. Barn som ikkje opplever fellesskap eller stabile relasjonar har høgare risiko for å reagere med utagerande handlingar.

Foto: Bildet er KI-generert.

endre seg, krav dei ofte ikkje har føresetnader for å innfri utan hjelp og støtte. Vi ser at stempling og stigmatisering bidreg til å forsterke utanforskapet i og utanfor barnehage og skole.

Når behovet for tilhøyrsløse ikkje blir møtt, utviklar nokre barn strategiar for å sikre seg merksemd og kontroll – ofte på måtar som går ut over andre. Nokre søker fellesskap i miljø som ikkje er bra for dei, men der dei finn andre som også står utanfor. Det kan føre til etablering av grupper eller gjengar som skaper uro og frykt i miljøet, og som gjer det vanskeleg å oppretthalde tryggleik og kontroll i klasserommet og i friminutta. Dette ser vi særleg på mellomtrinnet og ungdomstrinnet

Behovet for trygge relasjonar: Barn og unge fortel at dei saknar vaksne som ser dei, forstår dei og hjelper dei med å regulere følelsane sine. Nokre opplever å ikkje bli likt verken av jamaldringar eller vaksne. I staden for relasjonsbygging, blir fokuset ofte på sanksjonar og kontroll. Når barn manglar trygge vaksne rundt seg, får dei ikkje den støtta dei treng for å utvikle seg og endre veremåten sin. Vi ser at desse elevane kan få ei uheldig rolle i skolemiljøet – ei rolle som skapar utryggleik for dei sjølve og jamaldringar. I staden for å bli møtt med forståing og hjelp, blir dei ofte møtt med avvising og tiltak som forsterkar problemet. Trygge relasjonar er ein føresetnad for endring.

Nokre barn og unge har heller ikkje trygge relasjonar rundt seg i familien eller på fritida, og det gjer dei ekstra sårbare. Då krev det meir av dei profesjonelle vaksne i barnehage og skole.

Behovet for meistring og støtte: Vi ser barn og unge som ikkje opplever å få den faglege, sosiale eller emosjonelle støtta dei treng. Dei opplever barnehage- og skolekvardagen som krevjande og frustrerande, og utagerer fordi dei manglar andre måtar å handtere situasjonen på. Når dei ikkje opplever meistring, blir barnehagen og skolen ein stad der dei kjenner seg mislykka og kan dermed gjere handlingar som ikkje er bra for dei sjølve eller andre.

Omboda har fått fleire førespurnadar om barn med diagnosar, spesielt gutar, der behovet for tilrettelegging og forståing er stort – men blir ikkje alltid møtt.

Språket vi bruker betyr noko: Vi opplever at måten ein snakkar om barn og unge som utøver vald, ofte er prega av haldningar frå samfunnsdebatten. I mange av sakene merkar vi ei forventning frå andre føresette og av og til tilsette om at desse barna skal møtast med strenge konsekvensar: disiplin, straff og sanksjonar. Når vi omtalar barn med stemplande ord, påverkar det ikkje berre haldningane våre – det formar også korleis vi møter dei i praksis.

Individualisering av problem og ansvar: På grunn av at barn blir stempla og stigmatisert som «problembarn», ser vi ein stor risiko for at barn som utøver vald blir ståande åleine med ansvaret for handlingane sine og for å endre seg. Dei får ansvaret for å løyse noko dei verken har verktøy eller føresetnadar til å handtere. Om vi berre ser isolert på barnet eller ungdomen sine handlingar, er det fare for at vi overser viktige faktorar i miljøet rundt – faktorar som bidreg til å oppretthalde og forsterke det dei gjer. **Dette er ei ansvarsfråskrivning frå dei vaksne og systema rundt.**



Tenker vi at vold er ondskap, altså er elevene onde, skaper det andre reaksjoner enn om vi tenker at vold er fortvilelse. Det er viktig å ha reflektert over hva som er triggerer og dempere i en slik situasjon. Den sterkeste triggeren er vel krenkelse. Dempere er anerkjennelse. Anerkjennelse er nøkkelen til å møte aggresjon hos fortvilte barn.

– Ole Greger Lillevik, Førstelektor i psykisk helse ved UiT Norges arktiske universitet, Tidens Krav 02.11.25 –



Kva treng barn som utøver vald?

Vi bør – og må – snakke om utviklinga knytt til mobbing, uro og vald i barnehage og skole. Dette er alvorlege utfordringar som krev handling. Vald og krenkingar skal ikkje akseptierast. Samtidig må vi erkjenne at utfordringa er samansett og barn som utøver vald treng å bli forstått – ikkje berre handtert. Når vi svarer med straff og ekskludering, risikerer vi å forsterke utanforskapen og problema. Skal vi få til endring, må vi forstå kompleksiteten og erkjenne at vaksne har nøkkelen.

Vi meiner at ein konstruktiv debatt og treffsikre tiltak krev at vi ser barn og unge sine handlingar og veremåte i lys av fleire forhold:

For det første må vi forstå kva som ligg bak handlingane. Det er alltid ein grunn til at barn gjer som dei gjer. Mange strevar med regulering, relasjonar og oppleving av meistring. Vald kan vere eit uttrykk for sterk indre uro, kraftig frustrasjon eller behov for kontroll.

For det andre må vi sjå auka av vald og truslar i lys av strukturelle endringar i barnehage og skole. Barn går i dag to år lengre på skole enn for nokre tiår sidan, samtidig som det er meir fokus på teori, testing og prestasjonsfokus. Dette skjer ofte på kostnad av den frie leiken – ein viktig sosialiseringarena, særleg for dei yngste barna. Det skjer også på kostnad av meir praktisk læring, samarbeid og fysisk aktivitet. Når leik, fysisk aktivitet og relasjonar får mindre plass, mister barn og unge sentrale moglegheiter til å utvikle sosial kompetanse og reguleringsferdigheiter.

For det tredje må vi forstå dette i lys av større samfunnsendringar. Digitalisering og skjermbruk har endra måten barn og unge samhandlar på. Mange veks opp med høgt tempo, mindre tid saman med familien og færre uformelle møteplassar. Samtidig ser vi at tenester rundt barn og unge er under press, med nedskjeringar og stram økonomi i kommunar og fylkeskommune, og dei sosiale og økonomiske forskjellane mellom oss aukar. Dette påverkar både barn og unge sin kvardag og dei vaksne sin kapasitet til å bygge trygge relasjonar og til å gi reguleringsstøtte og læringsstøtte. Det gjer det også meir krevjande for barn og unge å tilpasse seg og passe inn i barnehage og skole.

Nulltoleranse mot vald og andre krenkingar må innebere både tydeleg grensesetting og oppfølging med tiltak som verkar. Det krev tett samarbeid og koordinert innsats på tvers av etatar og tenester rundt barna som treng det – og vaksne som evnar å sette grenser når det trengs, men også er opptatt av å dekke behov slik at barn og unge klarer å fungere godt. Det krev også at dei økonomiske og strukturelle rammene i barnehage og skole må gjere det mogleg for dei som jobbar der til å lukkast med dette.

Klasserommet som arena for mobbing – korleis er det mogleg?

Elevundersøkinga hausten 2024 viste at mykje av mobbinga på 10. trinn og Vg1 skjer i klasserommet – midt i undervisninga, med både medelevar og lærarar til stades.⁴ For å forstå korleis dette er mogleg, har omboda drøfta funna med ungdomsråda på Nordmøre og Nordre Sunnmøre. Gjennom deira blick som medforskarar, har vi fått innsikt i korleis mobbing kan skje rett framfor auga på vaksne – utan at det nødvendigvis blir fanga opp eller stoppa.

Kvifor skjer det?

Elevane fortel:

Sosiale prosessar og negativ gruppedynamikk mellom elevar kan gå under radaren for læraren. Det som framstår som uskyldig humor og tull, kan i realiteten vere mekanismar med mål om å devaluere og ramme ein bestemt elev. Når læraren ler med eller deltar i spøken, kan det ubevisst forsterke den negative dynamikken.

Mobbinga skjer ofte i det skjulte gjennom blikking, lappar, kviskring, ignorering og utestenging i samtalar og gruppearbeid. Det er vanskeleg for lærarar å bevise at det skjer, og difor blir det heller ikkje alltid følgt opp. For den utsette kan det føre til ei oppleving av å ikkje bli trudd – og å stå aleine med mistriivsel og utanforskap.

Når elevane får velje grupper sjølve i timane, trekker dei seg gjerne mot vennegruppene sine. Då blir nokre ståande utanfor – ofte dei same gong på gong.

I nokre tilfelle er læraren usikker og tør ikkje gripe inn, sjølv om dei ser at ein elev blir behandla dårleg. Når elevane ikkje respekterer læraren eller konsekvensane, blir det krevjande å skape tryggleik i klassen.

⁴ <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/analyser/2025/elevundersokelsen-2024/mobbing-og-trivsel/>


Ombodsblikket – kva ser vi?

Ungdomane gir verdifull innsikt i dei subtile gruppedynamikkane og sosiale prosessane som pregar utrygge miljø. Dei set ord på korleis mobbing kan skje rett framfor vaksne utan at det blir oppdaga, og bidreg med forståing som er avgjerande for å kunne førebygge og gripe inn.

Det er viktig at tilsette i både skole og barnehage har god kompetanse på sosiale gruppedynamikkar, følgjer med på samspelet i barne- og elevgruppa og fangar opp signal og tendensar til negativ utvikling. Vi ser at dette kan vere mangelfullt. Dette er ein føresetnad for å kunne skape trygge og inkluderande miljø der alle barn og unge får høve til å høyre til og utvikle seg.



Ordføraren i Ålesund, Håkon Lykkebø Strand, saman med ungdomsråda på Nordre Sunnmøre.



Foreldre må skjerpe seg – eller?

Foreldre blir ofte omtalt som krevjande og masete i møte med barnehage og skole. Men kva ser vi som ombod? I dette kapitlet ser vi med ombodsblikket på retorikken i samfunnsdebatten og held den opp mot erfaringar frå praksisfeltet. Vi meiner retorikken kan forsterke problemet meir enn å bidra til løysing.

Foreldre som «masekråker»

Samarbeid mellom barnehage / skole og føresette er eit tema som går igjen i årsrapportane til omboda. Det er ikkje tilfeldig. Vi ser kor avgjerande dette samarbeidet er for barn og unge, og kor store konsekvensar det får når det sviktar. Omboda blir ofte kontakta når tilliten mellom partane er svekka.

I førre årsrapport peika vi på ei uheldig polarisering i media, der føresette og tilsette blir framstilt som motstandarar heller enn medspelarar. Det siste året har denne utviklinga blitt forsterka. Foreldre får skulda for det som ikkje fungerer – både i barnehage, skole og i møte med barn og unge. For mange kan det vere lett å kjenne seg att i sakene som blir omtalt, men det betyr ikkje at dei gir eit rettferdig bilde av utfordringa. **Kanskje er foreldre symptomberarar av strukturelle endringar?**

Foreldre og fellesskap

I tillegg til det opplevde «foreldremaset», er det mykje fokus på foreldre som ikkje bidreg til fellesskapet, og som berre tenker på sine egne barn. Denne retorikken fell lett i god jord. Mange barnehagar og skolar melder at foreldreengasjementet er dalande. Men – vi må spørje: Har føresette fått den kunnskapen og dei moglegheitene dei treng for å bidra? Eller er systema prega av tradisjonar og rutinar som gjer samarbeidet lite reelt?

Nyheitsbildet 2024 – 2025

Krever mindre kravstore foreldre

Her er rektoren som vil stoppe noen av skolens største tidstyver: Kravstore foreldre.

Kunnskapsministeren med foreldreadvarsel: Frykter lærere ikke får tid til fagene

Kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun frykter det mye omtalte foreldremaset til slutt vil gå ut over skolefagene.

Slår tilbake mot utspill om kravstore foreldre: - Bør se på foreldre som en ressurs

Ståle Kalkvik i Foreldreutvalget for grunnskolene mener skolen bør se på foreldre som en ressurs.

Systemsvikten i skolen forsvinner i fortellinger om kravstore foreldre og vanskelige elever

Debatt: Med et overdrevent fokus på mobilbruk, kravstore foreldre og engstelige elever tåkelegger myndighetene og kommunene systemsvikt og underfinansiering av norsk skole.

Høyre-topper ut mot «veldig kravstore» foreldre

KANNIK SKOLE, STAVANGER (TV 2): Erna Solberg og Tina Bru med klar oppfordring til foreldre: – Oppdragelsen skal ikke skje i skolehverdagen.

Ombodsblikket – kva ser vi?

Foreldre som «masekråker»:

Ein del foreldre fortel at dei i møte med barnehage og skole kjenner seg stempla som «masete» eller «krevjande». Dette skjer når dei:

- stiller spørsmål ved praksis og etterspør dokumentasjon, som møtereferat og planar
- viser sterke følelsar i møte med tilsette
- ber om handling når tiltak som er avtala ikkje blir gjennomført
- ber om hjelp til reelle problem, som at barnet gruar seg, er utrygg eller slit med å gå i barnehagen eller på skolen
- står på for at barnet skal få oppfylt rettane sine til tryggleik, inkludering, opplæring og tilpassa hjelp – inkludert å bruke retten til å klage eller melde sak til Statsforvaltaren

Samtidig fortel fleire barnehage- og skoleleiarar at samarbeidet med føresette til tider kan vere krevjande. Ofte handlar det om:

- ulike forventningar til ansvar og rollefordeling
- sterke følelsar og høgt konfliktnivå
- manglande tillit til profesjonen

Føresette og fellesskap

It takes a village to raise a child, seier eit velkjent ordtak. Men som ombod ser vi at denne landsbyen ikkje kan takast for gitt – særleg ikkje når barn og unge strevar i relasjonar med kvarandre eller med å finne sin plass. Altfor ofte ser vi at barn, unge og føresette står aleine i vanskelege situasjonar, utan eit fellesskap å støtte seg til.

Vi ser at foreldre kan – ofte ubevisst – bidra til ekskludering og stigmatisering av barn og unge når dei ikkje er medvitne om rolla si i fellesskapet og ansvaret dei har for at alle barn skal bli inkludert. Når fellesskapet sviktar, blir det lettare å peike på kvarandre enn å finne felles løysingar.

Vi ser også mange døme på at systema hindrar samarbeid, sjølv når foreldre ønskjer å bidra. Når strukturar og praksis ikkje legg til rette for medverknad, blir det vanskeleg å få til det inkluderande fellesskapet alle snakkar om.

Gjennom ombodsarbeidet ser vi kor viktig det er å ha samfunnsutviklinga og endringane i utdanningssystemet i minne når ein snakkar om foreldre som stiller krav. Kanskje handlar det ikkje om urimelege forventningar, men om reelle behov og rettar som ikkje blir møtt. Vi ser at gapet mellom forventningane til barnehage og skole og det dei faktisk klarer å levere innanfor rammene sine, har blitt større. Med svekka kapasitet – fagleg,

menneskeleg og økonomisk – framstår rettane barn og unge har heller som *ideal* enn som reell, lovpålagt praksis. Dette skaper frustrasjon og mistillit og gjer samarbeidet meir utfordrande.

Felles innsats framfor skuldfordeling

Vi må gjere noko med dette – og vi ser at fleire kommunar tar grep. Mange følgjer anbefalingane frå omboda og løftar foreldresamarbeid som eit tema i utviklingsarbeidet. Eit godt døme er Volda kommune, som er i gang med å utvikle eit system for meir lik praksis på skolane når det gjeld samarbeid og medverknad frå foreldre, slik omboda anbefalte i årsrapport frå i fjor. Det er eit viktig steg i riktig retning.

I oktober 2025 arrangerte Møre og Romsdal Fylkeskommune, Livet&Sånn og Mobbeombodet konferansen «Felleskapet som problem og løysing i skolen», med over 200 deltakarar frå 80 skolar og 21 kommunar. Deltakarane utforska korleis foreldre kan vere ressursar for fellesskapet. For det blir altfor enkelt å be foreldre om å skjerpe seg og stole på lærarane. Folk har som regel gode grunnar til å gjere det dei gjer, og endringar må vi ta ansvar for å skape i fellesskap.

Deltakarane peika på fleire behov og tiltak:

- Det trengs tydelegare rammer for kva eit godt samarbeid mellom heim og skole inneber, og kva partane kan forvente av kvarandre
- Det er viktig å definere kva eit godt fellesskap faktisk er, og korleis ein kan jobbe saman for å skape og styrke det
- Foreldre bør få betre innsikt i korleis skolen jobbar og kvifor ulike val blir tatt.
- Skolane må lytte til foreldra sine innspel og sjå dei som ressursar, ikkje som motpartar
- Det er behov for ein ressursbank med aktivitetar som styrkar fellesskapet mellom elevar, foreldre og skolen

Livet&Sånn og Mobbeombodet har utvikla tiltakspakkar mot mobbing⁵ og skolefråvær⁶, med gode tilbakemeldingar. No ønsker vi å snu fokuset frå skuldfordeling til felles innsats for robuste fellesskap, der barn og unge får dekkja behova sine, og vaksne kommuniserer godt.

⁵ Livet&Sånn: [Tiltakspakke mobbing](#)

⁶ Livet&Sånn: [Tiltakspakke skolefråvær](#)

Når det oppstår utfordringar i læretida

Elev- og lærlingombodet har over fleire år løfta fram kor avgjerande det er for gjennomføring at lærlingar får plass i lærebedrifter som har solide system for oppfølging og opplæring.

Likevel mottar ombodet framleis mange saker der det oppstår utfordringar i læretida utan at det blir sett inn eigna tiltak for å betre situasjonen. I fleire tilfelle ser vi også saksbehandlingsfeil når kontraktar blir vurderte heva.

Når slike utfordringar ikkje blir møtt med rett tiltak, eller når det skjer feil i saksbehandlinga, kan det få alvorlege konsekvensar. Slike følgjefeil kan i verste fall føre til at lærlingen fell ut av opplæringa. Dersom saksbehandlinga ikkje er korrekt, risikerer ein òg at lærlingen sine rettar ikkje blir ivaretekne.

Ombodsblikket – kva ser vi?

Vi ser at mange av sakene som kjem til ombodet handlar om manglande oppfølging og svake strukturar i lærebedrifta. Lærlingar som opplever utfordringar, blir ofte ståande åleine – utan at det blir sett inn tiltak som kan snu situasjonen. Når det manglar rutinar for tidleg innsats, aukar risikoen for at små problem utviklar seg til store.

Vi opplever òg at lærlingen si stemme ofte kjem svakt til uttrykk når det oppstår utfordringar i læretida. Lærlingen står ofte åleine i møte med vaksne fagpersonar, arbeidsgivarar og system dei har lite kjennskap til. Maktforholdet blir ofte skeivt – både på grunn av rolle, alder, erfaring og manglande kunnskap om rettar og regelverk.

Dette blir særleg tydeleg i saker der det oppstår konflikhtar, eller der det blir vurdert å heve kontrakten. Då ser vi at lærlingen si oppleving og stemme ikkje alltid blir lytta til eller tatt på alvor. Det handlar ikkje berre om å hindre fråfall – det handlar om å sikre at lærlingar får den opplæringa dei har krav på.

Elev- og lærlingombodet tilrår at det blir etablert ei tverrfagleg rettleiingsteneste. Ei slik teneste vil kunne styrke kvaliteten i fagopplæringa og bidra til at fleire lærlingar fullfører læretida med ei god oppleving og relevant kompetanse.

Lærekandidatordninga

Ombodet har dei siste åra fått få eller ingen saker frå lærekandidatar. Samstundes blir vi gjennom arbeidet vårt med vidaregåande opplæring i skolen, kjende med mange ungdommar som går inn i eit opplæringsløp der målet er å bli lærekandidat.

Ein lærekandidat har inngått opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve, jf. opplæringslova § 7-1. Det skal liggje føre ein plan for opplæringa, og målet er at kandidaten skal få ein kompetanse som kan nyttast i arbeidslivet eller danne grunnlag for vidare opplæring.

For å lukkast med dette, krevst det systematisk arbeid med realistiske mål, der kandidaten opplever meistring og får utvikle både faglege og sosiale ferdigheiter.

Ombodsblikket – kva ser vi?

Lærekandidatar har ofte behov for meir tilpassa opplæring og tettare oppfølging enn andre elevar og lærlingar. Likevel ser vi at ansvaret for oppfølginga er spreidd mellom fleire instansar, noko som gjer systemet sårbart og lite føreseieleg.

Vi ser at lærekandidatar risikerer å falle mellom fleire stolar når det ikkje er ein tydeleg ansvarleg for å sikre heilskap og kontinuitet i oppfølginga. Dette svekkar moglegheitene deira for å oppnå kompetansen dei har rett på, og for å oppleve meistring i læreløpet sitt.

Per i dag er det ulike rådgjevarar som følgjer opp lærekandidatordninga. Ombodet meiner det er behov for eit meir systematisk og samla arbeid rundt denne gruppa, med fokus på god kvalitet i oppfølginga. Eit konkret forslag er å etablere ei ordning der éin rådgjevar har ansvar for å følgje opp alle lærekandidatane. Dette vil kunne styrke kvaliteten i opplæringa og sikre betre kontinuitet for ei gruppe som treng det.



Foto: Møre og Romsdal Fylkeskommune

6. Førebyggjande arbeid

Ombodstenestene skal bidra til at barn, elevar og lærlingar får utvikle seg i trygge og gode læringsmiljø. Vi arbeider for å førebygge mobbing og utanforskap, og for å fremje inkludering og trivsel.

Vi informerer om rettane barn og unge har i barnehage og skole, og deltek i utviklingsarbeid i kommunar og i fylket. Gjennom enkeltsaker ser vi kor viktig det er med kontinuerleg innsats for å skape trygge fellesskap som fremjar helse, læring og trivsel. Gode system, høg kompetanse, trygge relasjonar og godt samarbeid har varig positiv effekt på barn og unge.

I dette kapittelet presenterer vi noko av det førebyggjande arbeidet omboda har bidrege til i barnehage- og skoleåret 2024–2025.

Barnehage

- Temakveldar med føresette og tilsette
- Fagsamlingar med tilsette i barnehagesektoren og barnehagelærarstudentar

Grunnskole

- Møte med barn og unge; elevråd, ungdomsråd, UFT etc.
- Temakveldar med føresette og tilsette
- Fagsamlingar med tilsette i skolesektoren
- Samarbeid med Livet&Sånn: kompetansebygging, faglege verktøy og ressursar til skole

Vidaregåande opplæring

- Møte med elevar og lærlingar: elevråd, ungdomsråd, ungdomsfylkesråd, UFT, lærlingsamlingar
- Møte med fagfolk: samling for elevrådskontaktar, samling for leiarar og instruktørar, samling for opplæringskontor
- Møte med administrativ og politisk skoleeigar i ulike råd og utval
- Samarbeid mellom omboda og KON: kompetanseheving av SIM-teama i vgs.

Tema i barnehage og grunnskole

- **Fellesskapet si betydning for utviklinga til barn og unge.** Forståing av barn og unge sine behov, og korleis fellesskapet påverkar tryggleik, trivsel og positiv utvikling. Vaksne si rolle i å bygge inkluderande miljø.
- **Kva skjer når miljøet bli utrygt?** Innsikt i korleis utrygt miljø og kan oppstå i grupper, og kva rolle gruppedynamikk, sosiale prosessar og risikofaktorar spelar.
- **Korleis fremje tryggleik og førebygge mobbing?** Konkrete råd og tips til korleis føresette og tilsette saman kan bidra til eit trygt og godt miljø gjennom samarbeid og god dialog.
- **Lovverket i praksis.** Kva seier opplæringslova og barnehagelova om retten til eit trygt miljø – og korleis kan dette omsetjast til god praksis i kvardagen?
- **Demokrati og medverknad.** Korleis barn, elevar og føresette kan få reell påverknad på miljøet, og kvifor medverknad er viktig for trivsel og førebygging av mobbing.



Tema vidaregåande opplæring

- **Elevdemokrati og medverknad.** Korleis elevråd og andre demokratiske arenaer kan styrke fellesskapet og gi elevane reell påverknad. Kvifor medverknad er viktig for trivsel, inkludering og utvikling av eit godt skolemiljø.
- **Avgangsmarkering.** Refleksjonar rundt russetid og andre avgangsmarkeringar – korleis desse kan både styrke og utfordre fellesskapet.
- **Trygge overgangar.** God informasjonsflyt og samarbeid mellom skoler er avgjerande for å sikre trygge overgangar og hindre fråfall.
- **Eleven og lærlingane sine rettar i opplæringa.** Å synleggjere rettane er eit viktig førebyggjande tiltak. Når elevar og lærlingar kjenner til rettane sine, står dei sterkare i møte med utfordringar.

World Anti Bullying Forum 2025

Internasjonal merksemd for nytt samtaleverktøy⁷

Fredag 13. juni presenterte Møre og Romsdal eit nytt samtaleverktøy for oppfølging etter mobbing. Det skjedde under verdas største konferanse mot mobbing, World Anti-Bullying Forum i Stavanger.



Frå venstre: Kristin Valderhaug Martinsen, Kristin Øksenvåg og Anne-Hilde Lystad
Foto: Hannah Baarøy

Verktøyet vart lansert i ein workshop med tittelen «Help after bullying», som vart leia av mobbeombod Kristin Øksenvåg, prosjektleiar Anne-Hilde Lystad og psykologspesialist Kristin Valderhaug Martinsen frå Livet&Sånn.

Samtaleverktøyet er utvikla for å hjelpe barn og unge som slit etter å ha opplevd mobbing. Verktøyet er ein del av Livet&Sånn si tiltakspakke mot mobbing, som omfattar førebyggjande undervisningsmateriell, opplæring av tilsette og ulike verktøy for oppfølging. Tiltakspakka er utvikla av Ålesund kommune og finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune gjennom det nasjonale folkehelseprogrammet.

⁷ Henta frå pressemeldinga som vart sendt ut frå Livet&Sånn og Mobbeombodet

- Det er ikkje alltid nok å stoppe mobbinga. Mange barn sit igjen med sår som treng hjelp til å gro. Dette verktøyet gir vaksne eit konkret og tilgjengeleg hjelpemiddel for å møte barn og unge med forståing og støtte, seier Kristin Øksenvåg, mobbeombod i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Verktøyet kombinerer element frå traumefokusert kognitiv terapi og emosjonsfokusert terapi med ulike meistringsverktøy og er utvikla for helsesjukepleiarar og andre fagpersonar som møter barn og unge i kvardagen. Det er strukturert i seks modular som kan tilpassast den enkelte.

- Det vert framheva at det er så viktig å hjelpe dei som strevar etter mobbing, men det har ikkje vore lett å få hjelp eller å vite kva hjelp ein skal gi. Dette verktøyet er eit utgangspunkt som gjer det enklare for fagfolk å hjelpe tidleg, seier Anne-Hilde Lystad, prosjektleiar i Livet&Sånn og medutviklar av verktøyet.

Både nasjonale og internasjonale deltakarar møtte til workshop og viste stor interesse for korleis verktøyet kan brukast i ulike kontekstar.

Samtaleverktøyet er fritt tilgjengeleg på nettsida www.livetogsann.no, og Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker å bidra til at fleire kommunar og fagmiljø tar det i bruk.

7. Arbeid på samfunnsnivå

Omboda skal vere ei tydeleg stemme på vegne av barn og unge i samfunnsdebatten og belyse problemstillingar som barn og unge står i. Det gjer vi gjennom lesarinnlegg, deltaking i relevant regionalt og nasjonalt arbeid og gjennom å svare på regionale og nasjonale høyringar.

Svarar på høyringar

Elev-, lærling- og mobbeomboda i Noreg (ELMO) vart i 2024 ein offisiell høyringsinstans. I 2024 og 2025 bidrog vi i følgande høyringssvar:

2024

- Høyringssvar til Høyring – Forslag til regler om bruk av fysisk inngripen for å avverge at en elev utsetter noen for psykiske krenkelser eller vesentlig forstyrrer undervisningen for andre elever

2025

- Høyringssvar til Høyring – Endringer i personopplysningsloven – Aldersgrense for barns samtykke ved bruk av informasjonssamfunnstjenester (sosiale medier mv.)
- Høyringssvar til Høyring av forslag til lov om aldersgrense for bruk av sosiale medier
- Høyringssvar til Høyring – Rapport fra ekspertgruppen om tiltak for barn som begår gjentatt eller alvorlig kriminalitet

Deltek i samfunnsdebatten



Intervju i [Romsdals Budstikke](#) 31.03.25



Kronikk i [Sunnmørsposten](#) 09.12.25



Kronikk i [Romsdals Budstikke](#) 07.03.25



Kronikk i [Tidens Krav](#) 24.09.25

Døme på andre saker i media:

- [Endeleg skolestart!](#)
- [Nytt elev- og lærlingombud – NRK Møre og Romsdal – Lokale nyheter, TV og radio](#)
- [Nytt verktøy skal hjelpe mobbeofre: Mange sitter igjen med dype sår](#)
- [Elevrådsleder konfronterer politikere i Kristiansund etter flytting av helsesykepleiere – NRK Møre og Romsdal – Lokale nyheter, TV og radio](#)
- [Distriktsnyheter Møre og Romsdal – NRK TV \(02:47\)](#)



Møre og Romsdal
fylkeskommune
